



Utstilling i Uskedalen 2013: Dommar Bjørn Bjerketvedt flankert av Frode Aakre og Ann Kristin Øien

I august neste år, nærare bestemt ei veke etter Festidalen, finn eit Noregsmeisterskap stad i Kvinnherad med Uskedalen som base. Det er eit resultat av mange års PR-innsats og nok eit prov på at det lukkast hvis ein vill! NM i bandhund vert eit høgdepunkt for mange som jaktar men kva er det eigentleg, samanlikna med bruk av laushund som vi austlendingar kjenner best?

Vi overlet ordet til eldsjelanene Atle Helland og Anita Lie på Valen:

- Ved laushundjakt slepp ein hunden og let den søkja etter elg i terrenget. Når den så finn elgen, skal den losa (bjeffe) slik at jegaren går ubemeka inn og skyt.

Ved bandhundjakt går jegaren med hund i band heile tida. Ved hjelp av sine skarpe sansar skal den hjelpe jegaren ubemerka inn på elgen eller hjorten.

Ei vanleg misforståing er at bandhund er identisk med sporhund,

Ein bandhund må sjølvsagt kunne spore, men ikkje slavisk som til dømes ein dachshund. Då kjem jegaren sjeldan til skotsjanse. Ein bandhund går framfor alt på overvær .Det er mest effektivt under praktisk jakt.

Jakt med bandhund vert og kalla den lydause jakta fordi den går føre seg med minimale fostyrrelser for anna liv i skogen. Samstundes kan den gjennomførast i områder med mykje rovdyr og mykje bufe.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen